



Månadsbrev oktober 2021

Arbeidet med stortingsvalet engasjerte, og kreativiteten blomstra på dei ulike standa, sjølv om nokre syntest dei fekk for lite tid til verkeleg å snakka om sakene "sine" på partileiardebatten. Høyrest det kjent ut? 9. og 10.-klassingane hadde eit lærerikt trivselsleiarkurs, og kan gå i gang med aktivitetar i første friminutt frå 1. oktober. Alle er ferdige med dei nasjonale prøvane, og me har allereie lese at 7. klasse har storkost seg på Haraldvigen. Potetene er i hus og symjebassenget har opna, så nå er det berre å nytta hausten, anten det ruskar ute eller er sol og fint.

Nå står haustsamlingane for tur, og ungdomstrinnet byrja med spelekveld siste onsdag i september, 1.-4. klasse skal ha samling med ulike leikar ute på skulen 5. oktober og 5.-7. klasse har samling på skulen 6. oktober. Morgonsamlinga gjekk ut i september, men nå byrjar me med ei songsamling 4. oktober. Og plutselig er det haustferie...!



Resten av månaden blir ein god arbeidsperiode med markering av SN-dagen 22. oktober. Me fokuserer på "Barn, ikkje brud!" i samband med TV-aksjonen 24. oktober. Månaden blir avslutta med MOT-samling for 8. klasse på Sinnes 29. oktober, besøk av Agder Energi for 5.-7. klasse som skal læra om eltryggleik. Det blir dessverre ikkje konstituering av FAU før 19. oktober, men me får ta det att resten av året.

Samfunnet er opna opp att, men heilt som før 13. mars 2020 blir det ikkje. Når ein elev opp til 12 år får luftvegssymptom, må ho/han vera heime til symptoma er borte, ev. har testa seg, jf. flytskjemaet lagt ut på heimesida 25. september. Har barneskuleelevar berre rennande nase eller snørr, kan ho/han gå på skulen. Litt annleis er det for ungdom og vaksne, for dei må testa seg og vera heime i fem døger eller vore feberfri i minst 24 timar etter positiv Covid-19-test. Uklart? Sjekk handlingskjema ved sjukdom frå FHI på heimesida.

De har ikkje fått oversyn over når lærarane kan kontaktast, men eg vil minna om at det er best å kontakta skulen i lærarane si arbeidstid 08.00-14.30. Det er lett å senda melding i Visma, men tenk gjennom om det er heilt nødvendig eller om det kan venta til neste dag.

Med ynskje om
ein god haust og
ein strålende haustferie!

Sinnes 29.09.21, *Ase-Berit* (rektor)

